



Nynorsk mediesenter

Status per 30.10.2008



- Vellukka omtale for Nynorsk mediesenter



I samband med utlysinga av tiande kullet fekk vi endeleg gjennomslag for å kunngjere tilbodet vårt i NRK fjernsynet.

Kringkastingssjef Hans-Tore Bjerkaas meiner at tilboda til NRK FleRe og Nynorsk mediesenter er ein del av samfunnsoppdraget til NRK, og at det er viktig å gjere dei kjent for heile landet.

Difor vart det laga ein sokalla promo, ein filmsnutt som vart sendt i fjernsynet rett før søkerfisten.

– Vi fekk 50 søkerar til tiandet kullet, og det er meir enn det har brukt å vere til vårkullet. Det er ikkje så mange som har høve til å kaste seg på noko nytt frå nyttår, seier Magni Øvrebotten, leiar for Nynorsk mediesenter.

- Har ikkje lært så mykje sidan barneskulen



Frå venstre: Steinarr Sommerset (1983), frå Vanylven, Samina Bruket (1985), frå Bryne, Ann-Iren Finstad (1980) frå Gloppe, Magnus Stokka (1985), frå Suldal og Erling Molt Korsnes (1984), frå Haram.

Niande kullet med nynorskpraktikantar byrja i Førde 25.august. Onsdag 29. oktober var dei klare for praksis i redaksjonen til NRK Sogn og Fjordane. Her er inntrykka deira så langt:

Steinarr Sommerset: - *Eg har ikkje lært så mykje sidan barneskulen! Dei første to månadane som nynorskpraktikant har vore særslig erfatingsrike. Gjennom tett oppfølging og mange praktiske øvingar, har eg vorte trygg på å skape radioreportasjar, samt fått smaken på journalistikk for TV og internett. No ser eg fram til å få bryne meg på alle tre mediene gjennom to månaders mengdetrening i NRK Sogn og Fjordane. Og etter nyttår ventar endå større utfordringar i den eksterne praksisen... Eg stortrivst!*

Samina Bruket: - *Dei to første månadane på loftet har vore hektiske og særslig spanande. Eg trivst med arbeidsmetodane, og set særleg stor pris på dei daglege tilbakemeldingane på arbeidet vårt. Eg har verkeleg fått meirsmak på journalistikken og gler meg til å få praktisera den nye lærdommen i redaksjonen.*

Ann-Iren Finstad: - *Nynorsk mediesenter har gjeve meg ei så grundig innføring i journalistikken, som eg aldri har tort drøyme om. Her vert ein kasta ut på djupt vatn. Så langt har eg fått prøve meg i praksis på radio. Snart står TV og Internett også for tur. Dette er ein moglegheit som er unik fordi ein*

får sjansen til å lære, prøve og feile. Kvar dag har nye utfordringar, og det ser ut til å halde fram langt inn i framtida.

Magnus Stokka: - Å gå på Nynorsk mediesenter er hektisk, utfordrande og veldig lærerikt. Den praktiske lærekurva er så bratt at den er vanskeleg å gripe når eg står midt opp i den. Eg trur opplæringa gjer oss godt budde til å møte den "verkelege" verda som stolte nynorskbrukande journalistar.

Erling Molt Korsnes: - Eg var ikkje heilt sikker på kva eg skulle forvente av opplæringa. Alle tilbakemeldingar eg har fått om Nynorsk mediesenter har vore svært gode. No forstår eg kvifor. Vi er no ferdige med opplæringsperioden og skal til på arbeidet. Først no forstår eg kor intensivt opplegget har vore, og kor mykje vi faktisk har gått gjennom. Øvingsoppgåvene vi har vore gjennom kjem godt med når vi skal jobbe på desken her i Førde. Under internpraksisen får vi framleis oppfølging under arbeidet, men det gjer det ikkje noko mindre spennande.



Faglærarane hausten 2008 : Geirmund Henjum, Olga Wergeland og Steinar Lote. Dei to siste er vikarar for Randi Indrebø. Olga Wergeland på heiltid, medan Steinar Lote er inne når dei skal lære det mest fjernsynstekniske.

- Topp motiverte folk

- Alle dei fem praktikantane er topp motiverte, tek lærdom raskt og vil lære meir heile tida. Læringskurva har vore bratt, men inntrykket er at utfordringane dei har fått ikkje er for store. Som faglærar er det ei glede å få vere med å formidle kunnskap om journalistikk og bruk av nynorsk i media til desse elevane. Dei aller fleste har mykje fagleg ballast med seg frå andre område og vil forhåpentlegvis bli gode og dyktige, nynorskbrukande journalistar i radio, fjernsyn og nett.

Det seier faglærar Olga Wergeland. Ho er faglærar saman med Geirmund Henjum. Steinar Lote er ikke som faglærar på det mest fjernsynstekniske.

Gjesteførelesarar hausten 2008

Det står fjorten førelesarar på gjestelista denne hausten. Nye på gjestelista er Brennpunkt-journalistane Synnøve Bakke og Kjersti Knudssøn (bilete) som m.a. fekk SKUP-prisen i 2005 for det avslørande programmet om tannlegesekretærar som vart sjuke av å arbeide med amalgam. Dei skal snakke om undersøkjande journalistikk.



Ny av året er også nyhendeanker i TV2, Odd Reidar Solem, som fekk Kulturdepartementet sin nynorskpris for journalistar i 2008. Han fortel frå eit langt liv som nyhendejournalist og nynorskbrukar, og skal gje råd og vink. Kjenner vi han rett, kjem han til å snakke mykje om kor viktig det er med godt språk i media.

Den fyrste gjesteførelesaren er banksjef Arve Sandal, som føreles om Sogn og Fjordane, fylket der praktikantane tek sine fyrste telefonar som journalistar. Når han har vore her kjem logoped Jorid Løvbakk, som trenar dei i stemmebruk.

Nynorskkonsulenten i NRK, Jon Peder Vestad, snakkar om språkreglane i NRK. Jan Olav Fretland, 1.amanuensis ved Høgskulen i Sogn og Fjordane, føreles om dialekt og normaltalemål, og direktør Ottar Grepstad, Nynorsk kultursentrums i Ørsta, gjev dei innsyn i historia til nynorsken. Med få unntak er dei fleste førelesarane profilerte nynorskbrukarar, og vona er at det skal gje nynorskpraktikantane god ryggrad i bruk av språket.

Når det gjeld det journalistiske er journalist/programleiar Kari Sørbo, i Her og Nå, fyrste førelesar. Ho lærer praktikantane intervjuTeknikk, og snakkar om den engasjerte journalisten. Eva Westvik, journalist i NRK Sogn og Fjordane, gjev dei innføring i TV-komentaren. Leiaren for Pressas faglege utval, PFU, Odd Isungset i TV2, snakkar om presseetikk og Ver varsam-plakaten, og journalist Håvard Grønli, NRK Dagsnytt, om kor viktig det er å lage eigne saker og vere sjølvgåande som journalist. Sonja Skeistrand i TV2 gjev innsyn i korleis det er å vere ung utanriksjournalist og Ragnhild Bjørge, journalist i NRK Dagsnytt, fortel om vegen frå å vere nynorskpraktikant til å bli journalist.

KURSVERKSEMDA



Fotograf Heidi Lise Bakke og Magni Øvrebotten hadde kurs i medietrening med tilsette i NAV Sogn og Fjordane i september. Det blir nytt kurs for dei i november.

I haust har vi hatt tre kurs i medietrening og to kurs i skriving for Internett. Det står att to kurs før jul. Dessutan skal vi vere med på ei pandemiøving som Helsedirektoratet og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane skal ha med alle kommunane i fylket. Så langt i år har vi halde tolv kurs, og inntektene har vore såpass at vi har kompensert for nedskjeringane på det ordinære budsjettet.

– Kursverksemda vert difor viktigare og viktigare for oss. I år har vi ikkje hatt folk på kontrakt for å halde og selje kurs. Med få unntak er det dei fast tilsette som held kursa, og det gjer at vi må ha færre kurs enn om vi hadde eigen kurshaldar, seier Øvrebotten. Nye kundar av året er NAV og BKK, som er store verksemder med stadig nye tilsette. Dei vi har hatt kurs med brukar å tinga nye kurs, og det tek vi som eit godt teikn. Det gjeld særleg kurs i medietrening, men også i skriving for Internett.

Det var truleg det kurset fornyings- og administrasjonsminister Heidi Grande Røys hadde i tankane då ho nemnde Nynorsk mediesenter på pressekonferansen i Ørsta 22. oktober, der ho snakka om tiltak for betre språk – også nynorsk – i Staten. Departementet hennar har sett av 4 millionar kroner til språkkursing av statstilsette i 2009. Ho kan ikkje bestemme kvar det skal

kjøpast kurs, men når det gjeld aktuelle kurshaldarar i nynorsk synte ho til Høgskulane i Volda og Sogndal, og la til:

- Og ikkje minst Nynorsk mediesenter, fordi dei rettar seg inn mot nye media og har kurs i nynorsk for Internett, sa Heidi Grande Røys, då tre statsrådar presenterte tiltak for meir nynorsk i skule- og offentleg verksemd, på Aasentunet.


Tilbakemeldingar frå kursa:



Nynorsk mediesenter har, for tredje gong, hatt kurs i skriving for Internett for tilsette hjå Fylkesmannen i Hordaland :

- Kurset gav motivasjon til å jobbe meir med skriving for nettet, og vi blei medvitne om at nettstaden er ein viktig del av andletet vårt mot omverda, skriv kursdeltakar Laila Nordheim Alme.

Tre pilotkommunar (Askvoll, Førde og Solund) for nye kommunale nettsider i ytre Sogn/ Sunnfjord, tinga kurs i skriving for Internett før dei lanserte dei nye nettsidene sine i oktober:



- Eit positivt kurs, konkret, praktisk og med fokus på det som vert lagt ut. Byråkratar treng å bli provoserte og måtte leite etter eit friskare språk. Det er ynskje om eit nytt kurs neste år, skriv Marit Kleiven i Førde kommune etter kurset.



NAV Sogn og Fjordane har tinga tre kurs i medietrening i år. Dette er tilbakemeldinga etter kurset i september:

- Nokre av oss var nok litt bleike om nebbet før start, men fargen kom fort att då vi vart losa gjennom ein innhaldsrik dag med proffe kurshaldarar. Kurset gav oss godt innblikk i korleis media tenkjer og arbeider. Kvar av oss fekk opne og direkte tilbakemeldingar på eigen "prestasjon" i intervju-situasjonen, noko som var matnyttig for heile gruppa, melde Sara Christine Johnsborg i NAV, og tinga eit kurs i november til nye deltakarar.

Fyrst i oktober hadde vi kurs med BKK for første gong. Fire leiarar frå BKK Nett fekk mykje mengdetrening på intervju, med kurs frå lunsj til lunsj. Kommunikasjonsrådgjevar Ingunn Halvorsen oppsummerte slik:



- Takk for to lærerike dagar i trygge omgjevnader. Godt førebudde kurshaldarar og realistiske situasjonar gav oss nyttig erfaring, som vi kjem til å nytte i kvardagen.

- Fyrer vi for kråkene ?

Det er nedskjeringar i mange medieverksemder for tida, og tilkallingsvikarar/vikarar er dei som først fyk ut. Berre fire tidlegare nynorskpraktikantar har fast arbeid i NRK, og fire i anna mediearbeid. Sjølv om NRK reknar praktikantane frå NRK FleRe og Nynorsk mediesenter for interne søkjarar til stillingar, er dei utsette i nedskjeringstider.

Til denne tid har vi sendt frå oss 39 nynorskpraktikantar, og per dags dato har 76,9 % av dei arbeid i media, tyngda i NRK.

- Eg sit her som ei bekymra "mor" og fryktar at denne prosenten kan vere endå lågare når vi rundar årsskiftet, nettopp fordi mange er vikarar og tilkallingvikarar, seier Magni Øvrebotten.

I sommar var det 89,7 % av dei som hadde arbeid i media. Sommaren er sjølvsagt høgsesong, og fleire har vorte studentar på heiltid, medan andre prøver å få til ein kombinasjon av studiar og tilkalling.

- Men mange er så velutdanna at studielånet krev jamne inntekter, og det er dei eg er redd for at vi kan misse. Ofte er dei flinke folk, med anna utdanning enn i journalistikk, og dei trengst det fleire av i media. Difor er eg nett no redd for at vi kan kome til å fyre for kråkene. Men eg veit òg at tidene skifter, at det nyttar å bite seg fast der ein har fått tak og at dei dyktige stort sett overlever, meiner Øvrebotten.

Det er tidlegare nynorskpraktikantar i Dagsnytt, Dagsrevyen, NRK Utanriks, Alltid Nyheter, nrknyheter.no, NRK P2, NRK P3, NRK Super/Barnetimen, NRK Torget og ved distriktskontora i Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal og Nordland. Tre har fast arbeid i aviser, men berre to av dei får skrive nynorsk. Ein er nettjournalist i ei avis og ein arbeider som programleiar/produsent i eit videoselskap, som mellom anna lagar undervisingsfilmar for skuleverket.

Her ei oppdatering av kva nynorskpraktikantane frå dei åtte fyrste kulla gjer på:

Åttande kullet 3.01. – 30.06.2008



Marit Holmquist Fenne (1980) arbeider på Torget, intranettet i NRK. Elin Thingvoll Berge (1980) er vikar i www.nrknyheter.no, Olav Arne Nedrelid (1978) er lærar og tilkallingsvikar i NRK Møre og Romsdal, Roger Sevrin Bruland (1977) er tilkallingsvikar i NRK Utanriks/Alltid Nyheter. Eivor Brandseth (1985) vart sjukmeld medan ho gjekk her, og skal fullføre dei tre månadane ho har att våren 2009.

Sjuande kullet 03.09.2007- 29.02.2008



Eva Marie Felde (1981) er tilkallingsvikar i NRK Dagsnytt/Alltid Nyheter. Eline Buvarp Aardal (1984) er vikar i NRK Sogn og Fjordane, Håvard Tvedte (1981) er vikar for bibliotekar / researcher i NRK biblioteket. Ingunn Viken (1980) er tilkallingsvikar i NRK Møre og Romsdal og Ivar Folkedal (1983) er tilkallingsvikar i www.nrk.no/nyheter.

Sjette kullet 03.01 - 29.06.2007



Gunhild Sølvberg (1978) arbeider i Gateway College, Yngvill Kolset Haga (1980) er tilkallingsvikar i NRK P2, Mona Vetrhus (1975) arbeider i Barnetimen og NRK Super, Ragnhild Bjørge (1977) er vikar i NRK Dagsnytt og Inger Synnøve Tveito (1985) studerer russisk ved Universitetet i Oslo.

Femte kullet 04.09.2006 – 02.03.2007



Bjarte Vik (1986) tek lærarutdanning ved Høgskulen i Bergen, Marianne Feste (1981) er vikar i NRK Hordaland, Gøril Furu (1984) er tilkallingsvikar i NRK på Tyholt, Ingrid Hognaland (1986) er nettjournalist i Haugesunds Avis og Vidar Eidhammer (1984) er tilkallingsvikar i NRK Rogaland og studerer journalistikk ved Universitetet i Stavanger.

Fjerde kullet 03.01.2006 – 01.07.2006



Asgeir Reksnes (1979) arbeider i NRK Sogn og Fjordane, Bergit Sønstebo Svendseid (1984) studerer i London, Erlend Blaalid Oldeide (1984) er fast tilsett i NRK Sogn og Fjordane, Ingrid Z. Aanestad (1983) er forfattar og har kome med ny roman i haust med tittelen "Eg kjem med toget" (Oktober), Øystein Windstad (1983) er journalist i Trønderbladet, der han ikkje får skrive nynorsk.

Tredje kullet 01.09.2005 – 03.03.2006



Sølve Rydland (1984) er vikar i NRK Hordaland og held på med BA-grad i samanliknande politikk ved Universitetet i Bergen, Marita Haugo (1982) er fast tilsett som krimjournalist i Drammens Tidende, men får ikke skrive nynorsk. Gisle Forland (1981) er fast tilsett i NRK Nordland, Karoline Kalstveit (1984) er tilkallingsvikar i NRK Hordaland og student ved Arkitekthøgskulen i Bergen og Håvard Hamnaberg (1978) er avdelingsingeniør i ressursseksjonen i NVE, med fornøybar energi som spesialfelt.

Andre kullet 02.01.05 - 01.07.05



Solveig Hareide (1983) er programleiar for Newton i NRK1, Eli Vaage (1984) er tilkallingsvikar i NRK Hordaland og studerer litteraturvitenskap ved UiB, Ingebjørg Bø (1977) er fast tilsett i Telemarksavisa og skal ha fødselspermisjon frå 15.november 2008, Birte Njøsen Horne (1984) studerer media og samfunn i New York, Janne-Marit Myklebust (1981) har arbeidd i NRK Møre og Romsdal og har foreldrepermisjon frå mai 2008.

Fyrste kullet 01.9.2004 – 28.02.2005



Eli Bjelland (1981) arbeider i Dagsnytt, Dagsnytt 18 og Tekst-TV, Knut Åge Teigen (1970) er fast tilsett i videoselskapet Snøball, og lagar mellom anna undervisningsfilmar for Utdanningsdepartementet, Svein Ove Hansli (1976) er fast tilsett i Dagsrevyen, Maria Rivedal (1981) er fast tilsett i NRK P3 og Inger Johanne Sæterbakk (1981) er marknadskonsulent i Hålogaland teater frå hausten 2008.

Visjon og verdiar

"Stolt nynorsk"

er visjonen til Nynorsk mediesenter. Vi skal medverke til at nynorskfolk vert stolte og glade i dialekten og språket sitt. Gode nynorskbrukarar i radio, fjernsyn og på Internett gjer oss stolte av språket vårt og røtene våre. Vi skal ale opp fleire gode, nynorskbrukande føredøme i etermedia.

Det finst ikkje meir eigna kanalar for spreiling av nynorsk identitet og språkleg godtaking enn radio, fjernsyn og Internett.

Nynorsk mediesenter skal og medverke til at nynorskbrukarar flest blir trygge nok til å bruke språket sitt, og såleis auke det språklege og kulturelle mangfaldet i medie - og samfunnsdebatten.

"Dyktig - frodig – framfus"

Dette er verdiane Nynorsk mediesenter byggjer på. Dei skal seie noko om kva vi vil vere og kva som skal prege både dei som arbeider her, og dei som får opplæringa si ved senteret. Det skal vere kvalitet i alle ledd, slik at **dyktig** vert omdømet til Nynorsk mediesenter.

Nynorsk er meir enn eit språk; det er ein identitet, ein kultur og ei historie. Ein trygg språkleg og kulturell ståstad er viktig for å vere open for nye impulsar, og for å ta sjølvstendige val. Nynorsk språk og kultur har ein **frodig** tradisjon som Nynorsk mediesenter skal bygge vidare på for å gje nynorsken innpass på nye område.

Nynorskbrukaren må vere dyktig for at språket ikkje skal bli brukt mot han. Difor nyttar det ikkje å stå med hua i handa, ein må vere litt **framfus** i den positive tydinga av ordet: Våge å merke seg ut, stå for noko og vere noko.

Løvetanna



er bumerket til Nynorsk mediesenter. Det er grafisk designar Eva Hallaren i Gasta reklamebyrå som har laga både det og heile designprogrammet for Nynorsk mediesenter.

Slike statusrapportar som dette lagar vi tre-fire av i året. Vi sender dei til leiinga i NRK, til redaksjonar som tek mot praktikantar i praksis, journalistar, politikarar, nynorskrørsla og andre som spør etter korleis det går med oss. Du finn alle tidlegare rapportar på nettsida vår, under ["Statusrapportar"](#).

POSTADRESSE:
Nynorsk mediesenter
Postboks 100
6801 Førde

BESØKSADRESSE:
Nynorsk mediesenter
NRK Sogn og Fjordane
Prestebøen 2
6800 Førde

TELEFON:
Leiar : 57 72 42 30 Faglærarar :
57 72 42 74
Sentralbord: 57 72 42 42
Telefaks: 57 72 42 75

E-POST:
nyorskmediesenter@nrk.no
NETT:
www.nyorskmediesenter.no

